



Kommuneprogram 2019-2023



# Arbeiderpartiet.no

Arbeidarpartiet sitt mål for Gloppen kommune er at kvar og ein av oss skal kunne leve gode liv, i små og store fellesskap. Saman med innbyggjarane vil vi gjere Gloppen til ei enda betre kommune å bu i.

Vi vil bygge sterke lokalsamfunn med arbeid til alle, små skilnader og meir fellesskap.

Vi vil legge til rette for at vi alle skal prestere og vinne i fellesskap.

Vi arbeider for at alle skal vere med i eit solidarisk spleislag som sikrar velferd, omsorg, helse og utdanning.

## 1. SAMFUNNSUTVIKLING, NÆRINGSPOLITIKK OG LANDBRUK



Gloppen har eit godt utgangspunkt for å auke verdiskapinga. Vi har eit variert næringsliv som femner om landbruk, næringsmiddel, energiproduksjon, plast og karbon, handel, reiseliv, bygg og anlegg.

Per 2018 har kommunen 5974 innbyggjarar. I følge befolkningsframskrivingane til Statistisk sentralbyrå vil Gloppen ha 6 258 innbyggjarar når vi kjem til 2040. For å styrke denne utviklinga vil difor hovudoppgåva i åra framover vere å legge til rette for vekst og utvikling, legge til rette for at barnefamiliar og unge vel å etablere seg i kommunen vår.

Vår visjon er at Gloppen skal fortsette å vere eit skapande samfunn, og vår jobb nr 1 er å bidra til å skape nye arbeidsplassar - slik at vi framleis skal ha levande lokalsamfunn og slik at vi sikrar inntekter til skule, helse, omsorg og kultur.

For å stå mot verknadane av sentralisering skal vi utvikle og styrke samarbeidet med nabokommunane våre. Vi må samarbeide med mål om at vi får dei ressursane og funksjonane som skal til for at vi kan behalde og utvikle den desentraliserte strukturen for dei vidaregåande skulane, flyplass-strukturen og for at vi skal kunne realisere dei mange gode og kritisk viktige samferdselsprosjekta i Nordfjord og Sunnfjord.

Vi vil at Gloppen kommune skal føre ein aktiv næringspolitikk, og vere ein **tilretteleggar** for nye arbeidsplassar i heile kommunen. Vi vil prioritere å støtte satsing særskilt der vi har gode føresetnader for å lukkast; innan landbruk og matproduksjon, energi, kompositt, reiseliv, friluftsliv og kultur.

Vi vil bidra til å utvikle nye næringar og bedrifter samtidig som vi tek vare på det som gjer Gloppen unikt.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Arbeide aktivt for etablering av nye arbeidsplassar, kople bedrifter og investorar. Samstundes vil vi ta vare på og legge til rette for utvikling av eksisterande næringar.
- Legge til rette for utbygging og fortetting i Sandane sentrum. Vi vil syte for reguleringsplaner som styrker det forretningsmessige grunnlaget for eigedomsutvikling, så som bygging i høgda med parkering eller næring på gateplan og bustader i etasjane over.
- Gloppen Arbeidarparti vil arbeide for at det skal vere god og gratis parkeringskapasitet i kommunenesenteret. Gode parkeringstilhøve er viktig for å kunne gje tilreisande god service og for å motverke handelslekkasje.
- Syte for å regulere nye industri- og næringsareal slik at det til ei kvar tid er ledige areal for etableringar.

- Bidra til at bedrifter i ein oppstartfase kan leige rimelige kontor og tenester i kommunale bygg.
- Arbeide for å forbetre bedriftene sin tilgang til kapital i oppstartperioden og jobbe systematisk med å bruke det næringsretta verkemiddelapparatet.
- Arbeide for å auke frie midlar til næringsfond.
- Arbeide for å ha kommunale næringsareal tilgjengeleg i alle delar av kommunen.
- Bidra til at reiselivsnæringa i kommunen får utvikle nye produkt.
- Ta i bruk mogelegheitene som digitaliseringa gjev.
- Forvalte kommunen sine kraftverdiar på best mogeleg måte.
- Styrke kommunen si rolle som eigar i SFE og styrke Gloppen som energisenter i den nye Vestlandregionen.
- Arbeide for at bonden skal ha eit godt og føreseieleg driftsgrunnlag.
- Stø opp om landbruksnæringa og næringsmiddelindustrien i kommunen. Bidra til utvikling av nye produkt og arbeidsplasser innan landbruket.
- Arbeide for ei lik og rettferdig nettleige i heile landet.

## 2. KULTUR OG FRITID



Kor vellukka eit samfunn er kan ikkje bare målast i materielle gode. Å høre til små og store fellesskap er viktig for å kunne leve det gode liv. Engasjement i frivillige aktivitetar innan idrett og kultur styrkjer dette fellesskapet. Vi vil arbeide for å leggje til rette for den frivillige innsatsen.

Kunst og kultur aukar livskvaliteten og gjev oss identitet, kultur er ein viktig reiskap for god integrering. Alle skal ha høve til å ta del i kunst- og kulturopplevingar, uavhengig av inntekt og kor dei bur.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Vidareføre kommunale tilskot til lag- og organisasjonar.
- Sikre born og unge tilgang til og tilbod om kulturskule til ein rimeleg pris.
- Arbeide for gode og varierte idretts- og mosjonstilbod for alle. Obligatorisk kroppsøving/fysisk aktivitet i skulen kvar dag i tråd med nasjonale tilrådingar.
- Ruste opp Byrkjelo stadion og Idrettsplassen på Sandane.
- Vere ein medspelar og økonomisk bidragsytar for å utvikle Gloppen som arrangementskommune.

- Aktivt integrere tilflyttarar og nye landsmenn gjennom kultur.
- Arbeide for godt vedlikehald av fri- og friluftsområda.
- Arbeide for å utvikle aktivitet og rekreasjon i landskapsvernområdet; i samarbeid med grunneigarar og vernemyndighetene syte for betre tilkomst for alle gjennom bygging av tur-stiar og klopper.
- Vi vil arbeide for å sikre festivalane i kommunen gode rammevilkår slik at dei fortsatt kan utvikle seg.

### 3. HELSE OG OMSORG



Gloppen Arbeidarparti sitt mål er eit samfunn som fremmer god helse for alle, førebygger sjukdom, utjamnar sosiale skilnadar og gir alle barn og unge ein god start i livet. Kvar av oss skal ha moglegheit til å leve gode liv, i små og store fellesskap.

Grunnlaget for god helse må leggjast tidleg. Derfor må vi rette ei særskilt merksemd mot våre aller yngste. Ei god skulehelseteneste bidrar til tryggleik og trivsel i skulekvardagen. Det kan både førebyggje fråfall frå skulen og helseproblem seinare i livet.

Å leggje til rette for lange og gode liv blir ei av dei viktigaste oppgåvene for fellesskapet i åra som kjem. Vårt mål er såleis å sikre at Gloppen kommune har gode ordningar, tilstrekkeleg

bemanning med variert og nødvendig kompetanse slik at innbyggjarar i alle alderstrinn og med varierande helsemessige utfordingar blir i stand til å klare seg på eiga hand.

**Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Arbeide for utbygging og utvikling av pleie- og omsorgstenestene i kommunen for å sikre framtidige behov
- Auke satsinga på velferdsteknologi.
- Satse på digitale kommunikasjonsmetodar, auke satsinga på og sikre god bruk av e-helsetenester.
- Sikre godt tilbod til demente og deira pårørande.
- Arbeide for at alle elevar i Gloppen har tilgang til skulehelseteneste kvar dag, for å trygge skulekvardagen og sørge for at dei får den støtta dei treng.
- Auke satsinga på lågterskeltilbod for barn og unge som treng ein å snakke med.
- Rekruttere fleire tannlegar til Gloppen.
- At Gloppen fortsatt skal vere i landstoppen når det gjeld fysisk aktivitet og folkehelse.
- Utarbeide ein kommunal handlingsplan mot barne- og familiefattigdom.

## 5. OPPVEKST OG SKULE



Gloppen er og skal vere ein trygg kommune å vekse opp i med gode oppvekstvilkår. Det føreset gode barnehagar, gode skular, trygge og varierte fritidstilbod. Det er ein føresetnad at alle har like muligheter til utdanning og god oppvekst. Barnehage og skule skal vere inkluderande arenaer som stimulerer til vekst og personleg utvikling.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Arbeide for full barnehagedekning og utvide retten til barnehageplass ved at alle får tilbod om barnehageplass frå den månaden barnet fyller eitt år.
- Arbeide for bygging av ein ny kommunal barnehage på eit høveleg areal i eller ved Sandane sentrum.
- Arbeide for eit høgt nivå på IKT i oppvekstsektoren og vere med på å utvikle ein nasjonal strategi for digitalisering.
- Ha god standard på skuleanlegga og syte for økonomisk midlar til vedlikehald.
- At rehabiliteringa av Hyen skule skal starte opp seinast i 2020.
- At planlegging av utviding av Sandane skule skal starte opp tidleg i kommunestyreperioden 2019-2023.
- Vi vil ha ei prøveordning med leksefri 1.- 4. klasse.

- Øyremerke midlar til skulehelsetenesta. Arbeide for å ha helsepersonale i den vidaregåande skulen kvar einaste dag.
- Gjere god psykisk helse til eit prioritert satsingsområde.
- Arbeide for å styrke og utvikle Gloppen som skulestad.
- Firda Vidaregåande skule skal vere ein attraktiv skule for kommunen og regionen med eit breitt og variert tilbod.
- Arbeide for at tilreisande elevar vert teke godt vare på gjennom tilrettelegging og synleggjering av fritidstilboda.
- Styrke yrkesfaga si stilling i skulen. Arbeide for å innføre ein garanti om læreplass slik at yrkesfagelevar får fullført sitt utdanningsløp.
- Arbeide for å oppretthalde Statped Vest si avdeling på Sandane.
- Syte for å vere ein god lagspelar for Nordfjord Folkehøgskule ved å nytte ressursane og kompetansen dei har og legge til rette for vidare utvikling.
- Styrke norskopplæringa for arbeidsinnvandrarar og busette flyktningar.
- At det skal vere nulltoleranse mot mobbing.
- At skulevegen skal vere trygg! Vi vil arbeide for nye gang- og sykkelvegar og vil prioritere strekningane på FV615 Fitje-Vonheim, FV700 Austrheimsbakken-Sandane sentrum og langs E39 frå krysset E39/FV692 (Hetle Bru) gjennom Reed til Breimshallen.
- Sjå nærmare på grensene for rett til fri skuleskyss for grunnskuleborn, vi vil også vurdere behovsprøving av fri skuleskyss avhengig av trafikktryggleiken til born.
- Sikre gode leksehjelp ordningar, også i ungdomsskulen.
- At leik, fysisk aktivitet og kultur skal prege skulefritidsordninga (SFO).

- Vil arbeide for å styrke Gloppen kommune og Firda VGS sin utstyrssbank i Trivselshagen med tanke på å auke fysisk aktivitet, sosial inkludering og aktivitetsglede i kommunen vår.  
Utstyrssbanken har gratis utlån av utstyr til friluftsliv og aktivitet til privatpersonar, barnehagar, skular, lag og organisasjonar.  
Hovudmålgruppa er barn og unge.

## 6. SAMFERDSLE



Gode kommunikasjonar er svært viktig for busetnad og næringsutvikling. Sandane Lufthamn er svært viktig for næringslivet i Gloppen. Vidareutvikling av flyplassen og styrking av rutetilbodet er derfor eit prioritert mål for Gloppen Arbeidarparti.

Gloppen sin strategiske plassering mellom Nordfjord og Sunnfjord gjev tilgang på ein stor arbeidsregion; føresetnaden er gode og trygge vegar utan flaskehalsar. Flytting av E39 trasèen frå midtre til indre er negativt for aksen Sandane-Eid, men samstundes betyr det mogelegheiter for Byrkjelo som vil vere eit logistisk knutepunkt langs E39.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Arbeide for å styrke flyrutetilbod på Sandane Lufthamn og arbeide for at det vert bygd fly-hangar på Sandane Lufthamn.
- Vi vil arbeide for flybuss til Sandane Lufthamn.

- Arbeide for bru Lote-Anda som fergeavløysingsprosjekt.
- Arbeide for opprusting av Sandane – Byrkjelo med same standard som på strekninga Sandane-Anda.
- At E39 Byrkjelo-Grodås skal ha tunnelinnslag vest for Byrkjelo, ved Kleppe slik som i Statens vegvesen sitt alternativ B3. I samband med oppgraderinga av E39 skal det byggas gang- og sykkelveg frå Byrkjelo til Reed/Hetle bru.
- Arbeide for at masse frå Utvikfjell-tunnelen skal brukast til samfunnsnyttige formål, til dømes å etablere nytt industriområde på Byrkjelo.
- Arbeide for at E39, tunnelinnslag og kryssløysing skal ta minst mogeleg matjord. Der ein ikkje kan unngå at areal med matjord vert råka, må det sytast for opparbeiding av nytt jorbruksareal som i storleik står i forhold til det som går tapt av produksjonskapasitet.
- Arbeide for full opprusting av fylkesveg 615, med rassikring og tunnel gjennom Hopsstranda straks!
- Auke midlane for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar. Vi vil ha asfalt på dei kommunale grusvegane.
- Arbeide for rehabilitering av Fjellbygdevegen, samt betre tilkomsten til utfartsområdet på Kleivane.

## 7. BUSTAD OG NÆROMRÅDER



Ein god bustad er eit naudsynt grunnlag for eit godt, fritt og trygt liv. Tilgang på attraktive tomter/bustader er heilt avgjerande for tilflytting til Gloppen. Samstundes er det ei ønska utvikling at fleire skal busette seg i sentrumsområda. Gloppen Arbeidarparti vil vere positive til fortetting og nye buformer i kommune- og bygdesentra. Vi vil også legge til rette for tomter og bustader i heile kommunen.

Fyrstegangsetablerarar med fast inntekt og god betalingsevne har ofte vanskar med å få kjøpt sin første bustad. Husbanken sine rammer er for trонge og kravet til eigenkapital er for mange eit uoverstigeleg hinder. Inntil Husbanken utvider sine rammer, vil Gloppen AP hjelpe fyrstegangsetablerarar med å skaffe seg sin eigen bustad ved å yte eit avgrensa kommunalt lån som dekkjer bankane sitt eigenkapitalkrav på 15 %.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Ha reguleringsplaner som tillater fortetting og meir effektiv arealutnytting i og nær Sandane sentrum.
- I samarbeid med Byrkjelo Utviklingslag arbeide for eit nytt stort bustadfelt på Byrkjelo.

- I forbindelse med rehabilitering av Fjellbygdevegen sjå på mogelegheitene for å etablere eit nytt stort bustadfelt i området ovanfor vegkrysset mellom indre og ytre Fjellbygda.
- Ha fleire tomtar/byggesteg i Valborgkleiva.
- Utvikle bustadområda med vekt på trivsel og trafikktryggleik.
- Gje kommunalt lån eller garanti til ungdom i fast arbeid og som vil kjøpe sitt første husvære. Lånet/garantien skal dekke egenkapitalkravet på 15%, maksimalt kr 300.000 per fyrstegangsetablerar.

## 8. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR



Kommunen har mange og dyktige medarbeidarar. Arbeidarpartiet er opptekne av at dei tilsette skal trivast og ha ein god arbeidssituasjon. Vi ynskjer å bidra til at dei tilsette får utvikle seg og bruke sine evner og kunnskap til beste for innbyggjarane. God arbeidsgjevarpolitikk er lik god rekrutteringspolitikk.

### Gloppen Arbeidarparti vil:

- Ha eit inkluderande arbeidsliv med tett oppfølging frå arbeidsgjevar av tilsette som er sjukemelde.
- Utvikle dei tilsette med kurs- og vidareutdanning.

- At kommunen lager ein plan for at fleire vaksne tek fagbrev, og at kommunal verksemd skal legge til rette for at særlig fleire ufaglærte og assistenter kan ta relevante fagbrev i kombinasjon med jobb.
- At alle nye kommunale stillingar skal lysast ut som heile stillingar. Det må arbeidast for å innføre ein heiltidskultur som avgrensar ufrivillig deltid.
- Sjå på lærlingar som ein ressurs. Ha minst to lærlingar per 1000 innbyggjar i kommunal verksemd og sikre at det blir stilt krav om læreplassar ved utlysing av større anbod.
- Styrke og vidareutvikle trepartssamarbeidet om personal- og organisasjonssaker. Tilsette skal sikrast medverking ved innføring og endring av IKT-løysingar.

## 9. KLIMA OG MILJØ



Gloppen skal vere ein klimavennleg kommune som satsar på miljøet. Arbeidarpartiet meiner at kutt i klimagassutslepp ikkje berre må skje nasjonalt og internasjonalt, men òg i kommunane.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Jobbe for at kunstgrasbaner i Gloppen skal nytte seg av miljøvennlege alternativ til gummigranulat.
- Jobbe for reduksjon av bruk av plastartiklar i kommunen.

- Sette av midlar til oppsett og drift av søppeldunkar i heile kommunen, både i sentrum og på turstiar, sånn at behovet for avfallsdunkar blir dekt.
- At alle offentlege bygg i Gloppen kommune skal ha kjeldesortering på sine avfallsdunkar.
- Bidra til det grøne skiftet i det lokale næringslivet ved å arbeide for å utvikle belønnningsordningar til bedrifter i Gloppen som omstiller og kuttar klimautslepp.
- At det ved tildelingar frå det kommunale næringsfondet skal prioriterast å støtte grøne innovasjonsprosjekt innan kommunen.
- At alle nye personellkjøretøy som Gloppen kommune kjøper skal vere nullutsleppskjøretøy.
- At Gloppen kommune skal söke klimasamarbeid med nabokommunar og fylkeskommunen for å gjere klimaarbeidet meir verknadsfullt og kostnadseffektivt.
- At Gloppen kommune skal engasjere tilsette og innbyggjarane i klimaarbeidet for å skape større forståing og meir positiv innstilling til klimadugnaden.
- At Gloppen kommune skal lage ein handlingsplan på korleis kommunen kan kutte i utslepp og bli ei enda meir miljøvennleg kommune.
- At kommunen skal redusere den fysiske risikoen gjennom klimatilpassing ved å forbetre infrastrukturen slik at vi betre taklar styrregn, stormflo og ekstremvær ved førebygging heller enn reparasjon etterpå.

## 10. SOLIDARITET OG INTEGRERING



Verda sitt flyktningproblem er internasjonalt. Vi må gjere ein ekstra innsats, også lokalt, for å sørge for ei rettferdig fordeling av flyktningar innan Europa. Gloppen kommune har gode føresetnader for å ta imot og busette flyktningar. «Gloppen-modellen», eit utdanningstilbod til minoritetar som fremjar språkopplæring, integrering og meistring gjennom praksis er blitt eit nasjonalt føredøme.

### **Gloppen Arbeidarparti vil:**

- Vere positive til å busette fleire flyktningar i kommunen.
- Vi vil bidra til å styrke og utvikle Gloppen modellen.



## Våre kandidatar

1. Arnar Kvernevik - f. 1955, Sandane
2. Monica Grov - f. 1969, Rygg
3. Katarina Rosø - f. 1991, Sandane
4. Bjørn Martin Kormeseth - f. 1972 Hestenesøyra
5. Sandra Tenud - f. 1998, Sandane
6. Svein Torbjørn Sandvold - f. 1959, Sandane
7. Laila Frøystad Falck - f. 1971, Årdal
8. Svein Førde - f. 1951, Breim
9. Sofie Kvernevik - f. 2000, Sandane
10. Nickolai Willis - f. 1989, Hyen
11. Marit Reikvam - f. 1953, Sandane
12. Ola Tarjei Kroken - f. 1976, Sandane
13. Liv Petra Holme - f. 1948, Hyen
14. Ragnar Andenæs - f. 1952, Vereide
15. Marit Røyseth - f. 1955, Sandane
16. Ivar Engelstad - f. 1966, Sandane
17. Elisabeth Sunde Andenæs - f. 1981, Vereide
18. Gunnar Kjørvik - f. 1957, Sandane
19. Vidar Holme - f. 1975, Hyen
20. Rune Nordvik - f. 1947, Sandane
21. Silje Iren Hole Hervik, f. 1997, Breim
22. Nils Jordanger - f. 1948, Breim



Finn oss på Facebook!

<https://www.facebook.com/GloppenAP/>